

**Kva er eit kvartærgeologisk kart og korleis er det bygd opp?**

Eit kvartærgeologisk kart viser utbreiinga til lausmassane og kva slags prosessar som har danna dei. Kartet fortel om dei generelle eigenskapane til lausmassane, kva dei består av og om landformer i overflata. Tjukkleiken til avsettingane og eventuell lagfylgje mot dypet er gjeve der slike observasjonar finst. For mange avsettingstypar er variasjon i kornstorleik oppgjeve.

Eit kvartærgeologisk kart i målestokk 1:50 000 er eit oversøkskart der dei dominante lausmassettypane er vist. For framstillinga av kartet er det nokre gonger nødvendig å forenkla og generalisere. Særleg viktige detaljar kan ha vorte framheva i kartet. Det gjeld vanlegvis storleiken til små avsettingar, dreneringsspor og små fjellblotningar. I naturen er det oftast ein gradvis overgang frå ei type avsetting til ei anna, men på kartet er denne overgangssonana alltid attgjeve som eit skarpt skilje mellom avsettingane.

**Lausmassane** er inndelt etter korleis dei vart danna og det er såleis dei ulike geologiske prosessane som er avspegla gjennom fargebruken i kartet. Til dømes blir alle lausmassar som er transportert og avsett frå rennande vatn, gjeve gule og oransje fargar, medan lausmassar transportert og avsett frå is er gjeve grøne fargar. Enkelte avsettingstypar er i tillegg gjeve ei underinndeling etter tjukkleik, med myre og lyse fargeonar. Større område med bert fjell eller fjellgrunn med berre vegetasjon utan lausmassar, er skilt ut med eiga farge når områda er av tilstrekkeleg storlek.

**Bokstavsymbol** blir nytta for område der avsettingane er små eller vanskelege å avgrense. Dei blir også brukt der små avsettingar førekjem som del av andre, større avsettingar. Til dømes for ei lita breelvavsetting i eit større område med tjukk morene. Kornstorleik for sorterte avsettingar (vass- og vindtransportert materiale) er gjeve etter synfaring i felt. Det er den eller dei dominante kornstorleikane nær overflata som er presentert på kartet.

Kjernerboing av myrbasseng for å kartlegge fortidas havnivåendringar. Kurva til høgre syner korleis strandlinja ved Farsund har variert lokalt gjennom dei siste 10.000 åra. Utviklinga før dette, frå området vart isfritt transgresjonen for 8-9000 år før nåtid er ukjent, men etter alt å dømme låg strandlinja aldri høgare enn fem meter over dagens.

*Massetak i ein grusig esker ved Brastadvatnet (627 422). Her blir det teke prøver for å datere kva tid isen vart borte frå Lista. (Foto: Naki Akcar)*

ett, isskura fjellsida som stuper 200 meter ned frå Asperøyfjellet mot Lyngdalsfjorden. Rasmateriale er  
bla ved fjelltoppen.

*Vart godt runda stein og strandgrus i den såkalla tapes-strandvollen som vart bygd opp på Lista da landlina var på sitt høgste før ca. 7-5000 år sidan.*






# Kvartærgeologisk kart

## Quaternary geological map

# FARSUND og HIDRA

## 1311-2 og 1311-3

1:50.000



et:  
ndset, A., og Riiber, K. 2015,  
II og HIDRA 1311-III, kvartærgеologisk kart M 1:50 000.  
e undersøking

e undersøking